

Takketale til biskop Halvor

Høgvyrde biskop ...

Slik byrja prost Askeland i Nordre Sunnhordland prosti brevet sitt til biskop Juvkvam der han søkte om han aller nådigst kunne få ei veke sumarferie for å ta med familien på biltur innover Hardangerfjorden.

Høgvyrde biskop ... Det er nye tider no... Kjære biskop Halvor... Det er fint å kunne seie det, og kjenne at det litt sant. Vi har blitt kjend med deg og vorte glad i deg desse åra du har vore biskop her hjå oss.

Før du kom, må eg bekjenne at eg hadde ei noko sleivete uttale om bispekandidatane, og det til ein av dei andre som var kandidat, utan at eg visste det. Vi drøfta ditt kandidatur og i min store visdom sa eg: « Ein kvar idiot kan verte biskop, berre nokre få kan bli rektor på praktikum», og med det meinte eg at du hadde ingen ting her å gjera. Dagen etter kom nemnde person med framsida på Vårt Land, og der var det bilde av at han òg var kandidat, og lurte på kva eg egentlig meinte med at ein kvar idiot kunne bli biskop. Sidan har eg skjønt at eg tok grundig feil med akkurat glad, og eg har blitt veldig

glad for din tunge faglege kompetanse som du har delt med oss medarbeidarane dine i rikt mål.

Den dagen du vart innsett som biskop i Bergen domkyrkje, vart eg gåande ut ved sida av Per Lønning, biskopen (ikkje poteperen) Vi vart ståande i våpenhuset ei stund. Då dunka den gamle bispen meg i sida, peika på maleria av tidlegare biskopar. Der hang eit fargesterkt bilete av Ole Hagesæter ved sida av eit heller fargesvakt bilete av Per Lønning. «Det var en fargerik etterfølger jeg fikk»...

Du hadde ein fargerik forgjengar, men du har og vore sjølv ein fargerik biskop!

Etter kvart lurte eg på om du eigentleg var austlending, sjølv om du var svak for fotball frå Fredrikstad. Å møte deg på feil tidspunkt eller når du var i kampmodus var som å møte svigermor til vestlandsfanden på flat mark i fullt dagslys. Ein ustoppeleg eitel som stod på sitt til lenge etter den bitre slutt. Du tok gjerne ein biskoppelig kamp. «Noko må eg jo kunne brukast til», sa du på visitas i Tysnes, og satte foten ned! (det var før du visste at du kom til å verte tematisert i stortinget si spørjetime om den saka.) Men du stod last og brast med oss som stod midt i stormen lokalt, og det har du gjort tydelegare og modigare etter kvart som åra har gått med både

meningsfeller og motstandarar. Du er ikkje god å ha i mot, men du er utroleg god å ha med! Og me har aldri vore redde når me hadde deg i ryggen.

Som hovudtillitsvald for dei aller fleste prestane i Bjørgvin har eg møtt deg på ulike arenaer. Dei fleste sakene har vi ordna administrativt, og ikkje blanda deg inn (ein har jo folk til slikt!). Men i dei viktige prinsipielle sakene søkte vi alltid di støtte. Det var t.d. imponerende å sjå deg i prosessen fram mot bispemøtevedtaket i oktober 2020 der kvinners rett til fri tenesteutøving vart settla på ein ny og tydeleg måte. Du var villig til å lytte, og du viste evne og vilje til å revurdere dine posisjonar i møte med dei mange sterke livsforteljingar.

No er tenestetida di slutt her i Bjørgvin, og eg vil som tillitsvald for dei store massene (for å sitere Mao) og mest på vegne av presteforeninga nytta høvet til å takke deg for kampen. Du har lytta og du har late dei 100 blomar bløme (for å sitere Mao ein gang til).

Frå Presteforeningen får du den avtalefesta gåve som vert tildelt i slike høve. Ein pengesum til bispedømmet sitt prosjekt på Cuba. Og då eg såg at det kunne gå til å lønne prestar, kom eg automatisk i forhandlingsmodus, gjekk i

forhandlingar med generalsekretæren og oppnådde eit strålende resultat, ei dobling av beløpet.

Takk for tenesta di i Bjørgvin, og alt godt for åra som ligg føre, høgvyrde biskop Halvor!

Tekst til kort:

Høgvyrde biskop Halvor

Vedlagt får du presteforeninga si

nest høgaste utmerking:

«Vener for livet»

og ei romsleg framforhandla gåve til Cuba-prosjektet

Takk for kampen!

På vegne av Den norske kyrkjas presteforening

Jørgen Knudsen